

KULTURLANDSKAPSSENTERET I TELEMARK AS

VEDTEKTER

Vedteke på stiftingsmøte 16.02.2005

§ 1 Selskapet sitt namn

Selskapet sitt namn er KULTURLANDSKAPSSENTERET I TELEMARK AS. Selskapet er eit aksjeselskap og skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

§ 2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Hjartdal kommune.

§ 3 Selskapet som rettssubjekt

Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Økonomisk ansvar som selskapet pådreg seg kan ikkje gjerast gjeldande mot kommunane eller nokon av dei andre medstiftarane.

§ 4 Selskapet si verksemd

Selskapet skal drive opplæring, planlegging, prosjektarbeid og anna kunnskapsformidling/tiltak for aktivt å medverke til at miljøverdiane og næringsressursane knytt til landbruket sitt kulturlandskap kan takast vare på og utnyttast i berekraftig bygdeutvikling. Oppgåvene vil omfatte alt frå lokale og regionale fagtiltak til deltaking i nasjonale og internasjonale fagnettverk.

§ 5 Selskapet sin aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er NOK 352 800 fordelt på 147 aksjar kvar pålydande NOK 2 400. Aksjar pålydande NOK 2 400 teiknast til kurs NOK 2 500 for kvar aksje. Til saman skal det innbetalast NOK 367 500 inkludert overkurs.

Ingen aksjonær kan eige meir enn 30 % av aksjane.

Selskapet skal ikkje betale utbytte av aksjekapitalen. Overskot utover det som trengst til å styrkje og vedlikehalde eigenkapitalen, skal brukast til finansiering av eit utvida tenestetilbod.

§ 6 Selskapet sitt styre

Selskapet sitt styre skal bestå av 5 til 7 medlemmer.

Styreleiar og styremedlemmer blir valt av generalforsamlinga.

Styremedlemmer blir valt for to år om gongen, og styreleiar for eitt år om gongen.

Generalforsamlinga vel 2 varafolk til styret for eitt år om gongen.

§ 7 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret. Styret vurderar stillingsbrøk.

§ 8 Underteikning for firma

Styreleiar og eitt styremedlem i fellesskap underteiknar for firma. Styret kan gje prokura.

§ 9 Ordinær generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår. Innkalling til generalforsamling skal sendast seinast ei veke før møtet skal haldast.

Innkallinga skal klart oppgeva dei saker som skal handsamast.

Framlegg til endring av vedtektene skal gjevast att ordrett.
Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.

Aksjeeigarane kan la seg representere på generalforsamlinga av fullmektig med skriftleg fullmakt.

På ordinær generalforsamling skal fylgjande saker handsamast og avgjerast:

- Styret si årsmelding
- Fastsetting av resultatrekneskap og balanse
- Disponering av overskot / dekning av underskot
- Revisor si melding
- Fastsetting av styrehonorar
- Val av styre
- Val av revisor og godkjenning av revisor sitt honorar
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

§ 10 Overdraging av aksjar

Aksjane i selskapet kan overdragast. Slik overdraging skal godkjennast av styret i samsvar med lova sine reglar.

Ved overdraging av aksjar har dei øvrige aksjeeigarane forkaupsrett. Forkaupsretten blir utløyst av ei kvar form for eigarskifte, når ikkje anna er bestemt. Retten kan gjerast gjeldande ovanfor einkvar kaupar /overtakar, unnateke dei som er den tidlegare eigar personlege nærstående eller slektning i rett oppstigande eller nedstigande line. Forkaupsretten kan ikkje gjerast gjeldande for eit mindre tal aksjar enn det retten kan gjerast gjeldande for. Styret har ansvar for å varsle aksjonærane i høve overdraging av aksjar som forkaupsrett kan gjerast gjeldande for. Når fleire aksjonærer ynskjer å nytte forkaupsretten, fordelast aksjane i høve til det tal aksjar desse aksjeeigarane har frå før. Kan ikkje aksjane delast likeleg etter dette ledd, skjer fordelinga ved loddtrekning mellom rettshavarar. Styret fastsett nærare frist for å nytte forkaupsretten. Aksjane blir innløyst etter pålydande verdi.

Hjartdal 16.02.2005

§5 ledd 3 vart lagt til på generalforsamlinga i 2006